

Møteprotokoll

Vinje kontrollutval

Dato:	04.03.2026 kl. 12:00
Stad:	Formannskapssalen
Arkivsak:	26/00049
Til stede:	Bjørnar Kalbach Christensen (Vtb), leiar Kari Rustberggård (SV), medlem Vetle Frantzen (DNI), medlem
Møtande varamedlemmer:	Sigrid Nykos (Sp), vara for Vaa
Forfall:	Hilda Vaa (Sp), medlem Gunn Aslaug Seltveit Bøe (Ap), medlem
Andre:	Forvaltningsrevisor Anne Sæterdal (Via Teams) Utvalssekretær/rådgjevar Ingebjørg Liland
Merknader til innkalling:	Ingen merknader til innkallinga.
Godkjenning av sakliste:	Sakslista vart godkjend.
Godkjenning av møteprotokoll:	Protokoll frå møte 03.12.25 vart godkjend.
Møteleiar:	Bjørnar Kalbach Christensen
Protokollførar:	Ingebjørg Liland

Sakskart			Side
Saker til handsaming			
1/26	25/00923-2	Vurdering av eigarskapskontroll av Kvito AS	3
2/26	26/00081-1	Vurdering av forvaltningsrevisors sjølstende 2026	4
3/26	26/00138-1	Kontrollutvalet si årsmelding for 2025	5
4/26	26/00057-1	Referatsaker 04.03.26	6
5/26	26/00052-1	Innspel til kontrollarbeid 04.03.26	7

Vinje, 04.03.2026

Bjørnar Kalbach Christensen

Saker til handsaming

1/26 Vurdering av eigarskapskontroll av Kvito AS

Handsama av	Møtedato	Saksnr
1 Vinje kontrollutval	04.03.2026	1/26

Innstilling frå sekretariatet

Kontrollutvalet gjeng ikkje vidare med ein eigarskapskontroll av Kvito AS.

Kontrollutvalet bestiller ein prosjektplan frå Vestfold og Telemark revisjon IKS for ein eigarskapskontroll av

Møtehandsaming

Kontrollutvalet diskutera mogelege vinklingar på ein eigarskapskontroll.

Utvalet var einige i at dei ikkje ynskja å gå vidare med ein eigarskapskontroll av Kvito AS. Utvalet ynskjer ein eigarskapskontroll med forvaltningsrevisjon i selskap av Vest-Telemark kraftlag Holding.

Dei ynskjer at eigarskapskontrollen skal sjå på styresamansetjing, kompetanse i styret og gjennomgåande styrer i selskapet.

Utvalet ynskjer at revisjonen ser på openheit som ein del av forvaltningsrevisjonen.

Revisjonen kjem tilbake med ein prosjektplan i møtet 27. mai.

Omforent forslag til vedtak:

Kontrollutvalet gjeng ikkje vidare med ein eigarskapskontroll av Kvito AS.

Kontrollutvalet bestiller ein prosjektplan frå Vestfold og Telemark revisjon IKS for ein eigarskapskontroll med forvaltningsrevisjon av Vest-Telemark kraftlag Holding.

Votering

Samrøystes for omforent forslag til vedtak.

Vedtak

Kontrollutvalet gjeng ikkje vidare med ein eigarskapskontroll av Kvito AS.

Kontrollutvalet bestiller ein prosjektplan frå Vestfold og Telemark revisjon IKS for ein eigarskapskontroll med forvaltningsrevisjon av Vest-Telemark kraftlag Holding.

2/26 Vurdering av forvaltningsrevisors sjølstende 2026

Handsama av	Møtedato	Saksnr
1 Vinje kontrollutval	04.03.2026	2/26

Innstilling frå sekretariatet

Dokumenta «Skriftleg eigenvurdering» for dei oppdragsansvarlege forvaltningsrevisorane blir tekne til etterretning.

Møtehandsaming

Kontrollutvalsleiar la fram saka i møtet.

Votering

Samrøystes for sekretariatet sitt forslag til vedtak.

Vedtak

Dokumenta «Skriftleg eigenvurdering» for dei oppdragsansvarlege forvaltningsrevisorane blir tekne til etterretning.

3/26 Kontrollutvalet si årsmelding for 2025

Handsama av	Møtedato	Saksnr
1 Vinje kontrollutval	04.03.2026	3/26

Innstilling frå sekretariatet

Kontrollutvalet godkjenner årsmeldinga for kontrollutvalet for 2025 slik den ligg føre. Årsmeldinga vert send kommunestyret.

Tilråding til kommunestyret:

Kommunestyret tek den framlagte årsmeldinga for 2025 frå Vinje kontrollutval til etterretning.

Møtehandsaming

Kontrollutvalsleiar la frem saka i møtet. Det kom følgande merknader til årsmelding for 2025.

Kontrollutvalsleiar ynskja at følgande vart teke med i årsmeldinga:

- Nye rutinar for interkommunikasjon i utvalet jf. Sak 27/25
- Opplysningar om kven som har delteke på kurs og konferansar i 2025.

Omforent forslag til vedtak

Kontrollutvalet godkjenner årsmeldinga for kontrollutvalet for 2025 med endringar gjort i møtet. Årsmeldinga vert send kommunestyret.

Tilråding til kommunestyret:

Kommunestyret tek den framlagte årsmeldinga for 2025 frå Vinje kontrollutval til etterretning.

Votering

Samrøystes for omforent forslag til vedtak.

Vedtak

Kontrollutvalet godkjenner årsmeldinga for kontrollutvalet for 2025 med endringar gjort i møtet. Årsmeldinga vert send kommunestyret.

Tilråding til kommunestyret:

Kommunestyret tek den framlagte årsmeldinga for 2025 frå Vinje kontrollutval til etterretning.

4/26 Referatsaker 04.03.26

Handsama av	Møtedato	Saksnr
1 Vinje kontrollutval	04.03.2026	4/26

Innstilling frå sekretariatet

Referatsakene vert tekne til etterretning.

Møtehandsaming

Kontrollutvalet fekk lagt fram følgande referatsaker:

1. Deltaking på kurs og konferansar
2. Budsjettendring Vestfold og Telemark revisjon IKS
3. Høyring frå FKT
4. Henvendelser til kontrollutvalet

Votering

Samrøystes for sekretariatet sitt forslag til vedtak.

Vedtak

Referatsakene vert tekne til etterretning.

5/26 Innspel til kontrollarbeid 04.03.26

Handsama av	Møtedato	Saksnr
1 Vinje kontrollutval	04.03.2026	5/26

Innstilling frå sekretariatet

Saka blir lagt fram utan forslag til vedtak.

Møtehandsaming

1. Utvalsleiar informerte utvalet om dialog mellom leiar, sekretariat og kommunedirektør
2. Kontrollutvalet ynskjer at det blir sett opp ei orienteringssak om kommunen sitt arbeid med digital sikkerheit. Det er eit ynskje at ein der også får ei orientering om beredskap i kommunen sitt arkiv.
3. Det vart teke opp at møtet der Håvard Mo frå KS orienterte om oppstart av kommunekompass Vinje, ikkje vart gjort kjent offentleg, men berre til medlemar av kommunestyret, gjennom særskilt innkalling. Møtet vart heller ikkje strøyma. Utvalet stiller seg undrande til dette. Utvalsleiar vil i fyrste omgang stille spørsmål til ordførar om kva vurderingane som vart gjort i forkant av dette møtet.
4. Kontrollutvalet ynskjer å invitere Håvard Mo til kontrollutvalet den 27. mai for å orientere om arbeidet med kommunekompasset.